



Mojo Eiendom AS  
v/ Mongstad Administrasjon Storemyra 162  
5954 MONGSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1004 - 19/10038

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
26.03.2019

## Vedkomande årsrapportering fettutskiljar - GBNR 127/117, Storemyra 251

Teknisk drift har motteke årsrapport for fettutskiljar ved gbnr 127/117 for driftsår 2018.

Innlevert årsrapport er mangelfull. I årsrapporten er det meldt frå om at anlegg er tømt 3 gonger i 2018. To av desse er ikkje dokumentert med tømmerapport frå sjåfør. Teknisk drift registrerer også at det, i 2018, ikkje er utført temperaturlogging av anlegg. For anlegg ved gbnr 127/117 er det, iht gitte løyve, satt krav om at det skal utførast 2 temperaturloggingar av anlegg kvart år. Temperaturlogger, tømmerapportar og driftsjournal for anlegg skal følgje årsrapport for anlegg.

Logging av temperatur er viktig for å kunne dokumentere at anlegg stettar krav til utslepp. Årsrapportar som berre inneheld tømmerapportar seier ikkje noko om anlegget sin reisefunksjon (om anlegg stettar krav til utslepp). Anlegg ved gbnr 127/117 har ei nominell størrelse NS 4 som er minste tillete størrelse i Lindås. Det er for anlegg av denne størrelsen viktig at det vert levert inn temperaturlogger for anlegg. Dette for at kommunen kan kunne vurdere anlegget sin reinsefunksjon og om tømmeffrekvens for anlegg er grei. Som grunneigar og abonnent på kommunale avløpstenester er det Mojo Eiendom AS som har hovudansvar for at anlegg vert tømt, loggført og rapportert inn iht krav i gitte løyve.

### Førehandsvarsel om tilsyn:

På bakgrunn av manglande dokumentasjon av anlegg, ser kommunen behov for å føre tilsyn med anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift Mojo Eiendom AS eit førehandsvarsel om tilsyn. **Vi gjer merksam på at ved tilsyn vil Mojo Eiendom AS, som grunneigar og abonnent på avløpstenester, verte kalla inn.**

Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Psw Solutions AS

Storemyra 251

5954

MONGSTAD

**Mottakarar:**

Mojo Eiendom AS

v/ Mongstad  
Administrasjon  
Storemyra 162

5954

MONGSTAD